



Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Miljøvernavdelinga

Forvaltingsplan for
Batnfjordsøra naturreservat
Gjemnes kommune



Rapport 2011:07

Framsidedbildet viser Batnfjordsøra frå lufta, tatt 22.09.2001.. *Foto: Øivind Leren*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkeshuset
6404 MOLDE
www.fylkesmannen.no

Rapport nr:

2011:07

Dato:

19. mai 2011

Tittel:

FORVALTINGSPLAN FOR BATNFJORDSØRA NATURRESERVAT

Forfatter:

Åsmund Skålvik, miljøvernavdelinga, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Godkjenningsvedtak:

Forvaltingsplanen for Batnfjordsøra naturreservat, VV000001989, i Gjemnes kommune er den 19. mai 2011 godkjend av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Heimel til godkjenninga finn vi i §§ 8-9 i verneforskrifta av 8. november 2002.

Referat:

Batnfjordsøra naturreservat vart verna i 2002 som ein del av verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal. Formålet med vernet var å ta vare på eit av dei få gjenverande større grusøyrrer i fylket der det framleis er relativt store areal med intakt strandeng med store botaniske og ornitologiske verdiar.

Dei botaniske verdiane i strandenga på Batnfjordsøra vart grundig dokumentert av Jarle Noralf Kristiansen i 1982. Dette gir oss eit godt høve til å følgje med utviklinga av vegetasjonen når bruksforma endrar seg. Landbruket sin bruk av strandenga som beite og slåtteareal opp gjennom tida har vore med å skapt det mangfaldet i vegetasjonen vi finn i dag. Ei utfordring med endringane i bruken av desse areala er å behalde artsmangfaldet i denne naturtypen og å hindre attgroing. Det er eit ønskje å få til eit balansert beitetrykk på strandenga.

Områda rundt reservatet er prega av vegar, industri og ulike bygg. Dette gjer det ekstra viktig å unngå tilsig av ureining inn i reservatet. Utfordrande framover vert det òg å unngå spreing av framande artar på land og å halde strandenga open som attraktivt tilhaldsstad/leveområde for våtmarksfugl.

Forvaltingsplanen med tilhøyrande bevaringsmål og tiltak bør reviderast minst kvart 10. år.


Emneord:

Naturvern, forvaltingsmål, bevaringsmål, grusøyrrer, vegetasjon, beite, fugl, biologisk mangfald.


ISBN (Papirutgåva) 978-82-7430-214-3

ISBN (Nettutgåva(Pdf) 978-82-7430-215-0

ISSN 1891-876X



Ulf Lucassen
Seksjonssjef



Per Fredrik Brun
Direktør miljøvernavdelinga

FORORD

Batnfjordsøra naturreservat vart oppretta ved kongelig resolusjon av 08. november 2002 som del av verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal. Store, varierte og intakte elvedelta med grusøyrrer utan fysiske inngrep frå menneske er sjeldne i Møre og Romsdal. Dette kombinert med store areal strandeng med botaniske og ornitologiske verdiar gjer Batnfjordsøra verdifull. Møre og Romsdal starta i 2009 opp ei satsing på å få utarbeid fleire forvaltingsplanar over prioriterte verneområde. Denne planen er eit resultat av den satsinga.

Målet med forvaltingsplanen er å skildre dei naturfaglege verneverdiane i området og kva tiltak og skjøtsel som trengs for å ta vare på desse. Planen skal òg avklare ulike brukargrupper sine interesser i verneområdet og deira forhold til forskrifter og anna regelverk. Ein har ved utarbeiding av planen prøvd å tenkje på kven som blir brukarar av planen ved å gjere den så kort og konkret som mogleg. Då dette er 1. generasjon forvaltingsplan må ein ta høgde for revisjon etter å ha prøvd planen i praksis nokre år.

Planen er utarbeidd av Åsmund Skålvik ved fylkesmannens kontor, for midlar Direktoratet for naturforvaltning har stilt til rådvelde.

Molde, 19. mai 2011

Per Fredrik Brun

Direktør

Innhald


1	INNLEIING	9
2	SKILDRING OG STATUS	10
2.1	Områdeskildring	10
2.2	Eigedomsforhold	11
2.3	Historisk bruk av området	11
2.4	Naturfaglege verdiar	12
2.5	Bevaringsmål	14
3	BRUKARINTERESSER	18
3.1	Verneforskrifta og brukarinteresser	18
3.2	Primærnæring – jordbruk og skogbruk.....	18
3.3	Jakt, fiske og friluftsliv	19
3.5	Undervisning og forskning	20
3.6	Bygningar og tekniske inngrep.....	21
3.7	Randsona rundt reservatet	21
4	FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK	22
4.1	Skjøtsel og forvaltningstiltak.....	22
4.2	Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar	24
4.3	Informasjon og tilrettelegging	24
4.4	Oppsyn.....	25
5	SAKSHANDSAMING	25
5.1	Forvaltingsstyresmakt.....	25
5.2	Lovverk, føringar og forvaltning	25
6	PERIODEN FORVALTNINGSPLANEN GJELD	28
7	REFERANSAR.....	29

Vedlegg:

1. Verneforskrifta for Batnfjordsøra NR
2. Flyfoto over Batnfjordsøra NR
3. Planteresamfunn skjematisk på Batnfjordsøra
4. Strandvegetasjon på Batnfjordsøra
5. Planteartar fordelt på plantesamfunn på Batnfjordsøra
6. Observerte fugleartar i Batnfjordsøra NR
7. Planlagde tiltak i Batnfjordsøra NR
8. Informasjonstavle for Batnfjordsøra NR
9. Saksbehandling av planen

1 INNLEIING

Det som i dag er Batnfjordsøra naturreservat i Gjemnes kommune var med som eit av de 25 områda i Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin rapport 13:1995 "Utkast til verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal". Batnfjordsøra naturreservat vart med bakgrunn i dette oppretta ved kongeleg resolusjon av 08.november 2002. Formålet med fredinga er i følge §2 i verneforskrifta; "å ta vare på eit av dei få gjenverande større grusøyrrer i fylket der det framleis er relativt store areal med intakt strandeng med store botaniske og ornitologiske verneinteresser". Fylkesmannen i Møre og Romsdal er forvaltingsstyresmakt for naturreservatet. Dette er den første forvaltingsplanen som er utarbeidd for reservatet.



Figur 1 Batnfjordsøra naturreservat i Gjemnes kommune, her vist med raud skravering.

Batnfjordsøra naturreservat er også registrert i den internasjonale naturvernorganisasjonen IUCN med status som kategori IA.

Forvaltingsplanen for Batnfjordsøra naturreservat skal vere eit praktisk hjelpemiddel for å oppretthalde og fremje verneformålet i samsvar med verneforskrifta. Han skal sikre ei einsarta forvaltning av verneområdet ved å gje konkrete retningslinjer for mellom anna bruk, informasjon, skjøtsel og saksbehandling. Planen skal gje ei samla skildring og dokumentasjon av natur- og bruksinteresser innafør området og om det er spesielle forhold som trugar eller kan truge verneverdiane. Planen er ikkje juridisk bindande, men gir retningslinjer for forvaltninga av området, og han skal synleggjere ansvarsforhold og forvaltingsstyresmakt. I naturreservatet er både planter og vilt freda, og det skal ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet.

Forvaltingsplanen for Batnfjordsøra naturreservat er delt i to hovuddelar; den første delen (kap 1-3) gir ei skildring av naturforholda, brukarinteresser og forvaltingsmål, den andre delen (kap 4-6) omhandlar forvaltingsmessige oppgåver og tiltak. Her blir det føreslåtte tiltak og kven som er ansvarleg for dei ulike tiltaka.

Kvifor vern?

Naturvern byggjer på oppleving av, og kunnskap og medvit om kvalitetar og eigenskapar i naturen. Norsk politikk og lovgjeving baserer seg på at naturen har ein verdi i seg sjølv, ein eigenverdi, som gjer at all natur og alle artar har ein rett til å eksistere. Mennesket inngår som ein del av naturen med eit særleg ansvar i kraft av sin sterke påverknad på mange økologiske prosessar. Naturen har også ein opplevingsverdi, ein verdi for folk si helse og trivsel, og gjennom friluftsliv ein verdi for å skape forståing for vern av natur. Batnfjordsøra naturreservat er eit lite område i areal, men representerer eit viktig område for eit stort botanisk mangfald og for fleire hekkande fuglearter. Området er òg ein viktig kvile- og beitestad for fleire trekkfuglar. Plan- og bygningslova vil ikkje alltid kunne stå sterkt nok mot mange ytre påverkingsfaktorar. Å verne område som Batnfjordsøra etter naturvernlova (no naturmangfaldlova) gir eit sterkare juridisk vern, og vil i best mogleg grad sikre arealet.

2 SKILDRING OG STATUS

Verneforma naturreservat etter NML § 37

Som naturreservat kan vernast område som mellom anna inneheld truga, sjeldan eller sårbar natur representerer ein bestemt naturtype eller på annan måte er særleg viktig for det biologiske mangfaldet. Naturreservat er den strengaste forma for områdevern etter naturmangfaldlova når det gjeld inngrep og aktivitet.

2.1 Områdeskildring

Batnfjordsøra naturreservat er eit elvedelta ved utløpet av Batnfjordselva nær tettstaden Batnfjordsøra i Gjemnes kommune. Batnfjordselva er ei middels stor vestlandselv som ligg i overgangen mellom midtre/ytre fjordstrøk. Elva er relativ vassrik med tanke på det størrelsen på nedbørsfeltet. Deltaområdet til Batnfjordselva blei mellombels verna 25.02.91. med namnet Batnfjordsøra naturreservat. Området omfattar ei relativ stor grusør med strandenger ved utløpet av Batnfjordselva. Lokaliteten er avgrensa av riksvegen i sørvest, idrettsplass og dyrkamark i sør, industriareal i søraust og ein bekk i aust.

Batnfjordsøra naturreservat dekkjer eit areal på 204 dekar. Av dette utgjer 168 dekar vatn, 33 dekar innmarksbeite, eit dekar opparbeid areal og eit dekar anna jorddekt fastmark.

Området ligg innunder den sørboreal vegetasjonssone, i den svakt oseanisk seksjonen. Klimaet her har milde vintrar og relativt låge sommartemperaturar med eit gjennomsnitt pr år

på Batnfjordsøra på litt under 6°C. Gjennomsnittlig nedbørsmengd per år er ca 1870 mm, og det er ca 220 nedbørsdøgn pr. år. Mest nedbør kjem i september og oktober, minst i mai og juni.

2.2 *Eigdomsforhold*

Batnfjordsøra naturreservat omfattar i følgje verneforskrifta følgjande Gnr/Bnr: 29/1, 3, 14, 53, 42/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 11, 12,13. Etter å ha sjekka vårt eigendomsregister og kontroll mot digitalt eigendomskart finn vi følgjande avvik. Gnr/Bnr. 42/1 og 3 er ikkje er omfatta av det verna arealet. Vi tek atterhald om at det kan vere feil i eigendomskartet som vi har lagt til grunn.

2.3 *Historisk bruk av området*

Landdelen av det verna området har opp gjennom tidene vore nytta til landbruksføremål som beiting og hausting av gras på noko av arealet. Grunneigarar/rettighetshavarar har òg tatt ut sand og grus til eige bruk i elvedeltaet opp gjennom tida. I nyare tid har delar av området vore nytta til friluftsliv/rekreasjon sommarhalvåret. Det går to vegar gjennom det verna området ned mot sjøen. Den eine av desse har vore nytta til å setje ut, og ta på land småbåtar.



Figur 2 Arealbruken på deler av det verna området på 1950-tallet. Arkivfoto.

2.4 *Naturfaglege verdiar*

Den naturfaglige informasjonen her er stort sett henta frå forarbeida til vernet, jamfør www.naturbase.no. Men også munnleg informasjon frå fagfolk og andre med lokalkunnskap er tatt med.

Fugle og dyreliv

Batnfjordsøra er eit viktig hekke-, raste- og overvintringsområde for fleire våtmarkstilknytta fugleartar. Av våtmarksfugl hekker tjeld, vipe, raudstilk og fiskemåke. Elles beiter ein del fugl i området både sommar og vinter m.a. gråhegre, stokkender, krikkender, ærfugl, sjøorre, silender, dessutan er det registrert songsvanar og laksender parvis i vinterhalvåret. Dei siste åra har canadagås beita i området om somrane. Villmink og oter vert stadig observert i eller omkring det verna området ifølgje grunneigarane. Sjå elles tabell over artsobservasjonar fugl.

Batnfjordselva er eit laks og sjøaureførande vassdrag. Dei siste åra har det òg vore fiska havabbor i neste del av elva.

Truslar

Delar av det verna området langs elva er i ein gjengroingsfase, dette kan vere skadeleg for artar som er avhengig av opne areal. Andre mulege truslar mot fuglebestandane kan vere komplekse og variere frå art til art. Mest sannsynleg ligg dei største negative påverknadane / truslane langt utanfor verneområdet sine grenser. Grunnane for endringar i fuglebestandane er truleg samansette og både lokale og regionale.



Figur 3 Eit yrande fugleliv med canadagås i front. Foto: Åsmund Skålvik

Det finst ikkje systematisk datamateriale på endringar i fuglebestanden i verneområdet, derfor kan ein berre anslå endringar som generell trend. Det er eit mål å halde lokalitetane i hevd slik at mengde og mangfald av hekkande fugl i området kan auke dersom bestandane tek seg opp. Særleg gjeld dette artar som er i tilbakegang regionalt og nasjonalt.

Batnfjordselva har vore infisert med *Gyrodactilus salaris* sidan 1980 tallet. Elva vart behandla med rotenon i 1994, men vart igjen smitta av *Gyrodactilus salaris*. Elva vart så behandla med aluminium i 2004. Det er framleis *Gyrodactilus salaris* i elva (2010). I forhold til groe og bakteriologi har elva tilstandsklasse god til meget god (2000).

Vegetasjon

Vegetasjonsskildringa er i hovudsak henta frå Jarle Noralf Kristiansen sitt arbeid frå 1982. Inndeling i vegetasjonssamfunn og utformingar harmonerer derfor ikkje med dagens inndeling i vegetasjonstypar. Etter det klassifiseringssystemet som her er nytta er det registrert 14 plantesamfunn med 73 ulike karplanter. Registreringane er gjort 20 år før vernevedtaket i 2002, og vi må derfor gå ut frå at det er registreringane med her som ikkje er innanfor det verna området. Spesielt for Batnfjordsøra er arten grusstarr. I Møre og Romsdal er arten kjent frå 17 lokalitetar. Den må derfor regnes som relativt sjeldan i fylket. Som bestandsdannande art i plantesamfunn (grusstarr-saltsiv-enger) er den desidert sjeldan (Kristiansen 1981). Strandengvegetasjon med stor variasjon av artar og vegetasjonstypar. Soneringane, frå skjorbuksurt-forstrand til bakre fuktenger og tangvollar, er intakte. Dei botaniske verneverdiane er svært store, i tillegg har naturtypen store elvedelta blitt sjeldan i Møre og Romsdal. Deltaområdet har og stor verdi som beite- og hekkeområde for ender og vadefugl, og som overvintringsområde. (Holten m. fl. 1986b): Vegetasjonstypar: skjorbuksurt-forstrand, saltbendel-forstrand, saltsev-eng, raudsvingel-grusstorr-eng store forekomster, ærlig i vest, strandstjerne-strandkjempe-forstrand, fjøresevaks-eng, rustsevaks-eng, fjørestorr-eng, bakre myrliknende våtmark, med blåtopp, taresaltgras-grusstrand, tangmelde-voll, strandrug-voll, kveke-voll, høgurt-flerårsvoll, med mjørdurt som dominant, åkerdylle-voll, fragmentarisk i aust.



Figur 4a Grusstarr i sitt rette element. Foto: Kristin Vigander



Figur 4b Raudsvingel. Foto: Asbjørn Børset

Meir detaljer omtale av dei ulike plantesamfunn i eige vedlegg nr. 4

Truslar

Endringane i driftsformene i landbruket med begynnande gjengroing som følgje av at tradisjonelt beite og slått er opphøyr. Beite av grågås og canadagås har auka. Det er usikkert kva effekt dette vil ha for artsamansetjinga. Delar av det verna området vert i dag beita med hest. Vi ser òg fleire plasser at det kjem opp småplantar av skogdannande tre. Det er planta nokre sitkagraner som leplanter inne og utanfor det verneområdet. Ei spreing av denne arten vil utgjere ein trussel mot den naturlege vegetasjonen på lengre sikt.

2.5 Bevaringsmål

”Føremålet med fredinga er å ta vare på eit av dei få gjenverande større grusøyrrer i fylket der det framleis er relativt store areal med intakt strandeng med store botaniske og ornitologiske verneinteresser ”. Verneforskrifta § 2

Forvaltingsplanen skal konkretisera verneforskrifta først og fremst gjennom bevaringsmål og forvaltingsmål for reservatet. Bevaringsmåla bør dersom mogleg vere målbare i kvantum eller areal. Verneføremålet viser i hovudsak til kva naturkvalitetar ein ønskjer å bevare i verneområdet.

I denne planen er bevaringsmåla retta mot å oppretthalde desse viktige naturkvalitetane i Batnfjordsøra naturreservat. Vi har peika på tre bevaringsmål ut frå den tilstanden reservatet er i dag. Sjå tabell 1. Det er viktig med kunnskap om området for å kunne forvalte det på ein langsiktig og god måte. Eit av forvaltingsmåla er derfor å skaffe meir kunnskap. Det er òg avgrensa kva erfaring som finst med bruk av bevaringsmål i norsk forvaltning, og det må derfor vere rom for å revidere bevaringsmåla når vi har meir kunnskap og erfaring om effekten av vern og skjøtsel i området. Forvaltingsplanen bør reviderast kvart tiande år, sjå kap 6.



Figur 5 Aks av grusstarr på nært hald.
Foto: Kristin Vigander

Uttrykk nytta i tabell 1

Mål nr.

Bevaringsmåla er fortløpande nummerert. Desse nummera finn ein igjen på vedlagd kart over bevaringsmål.

Naturtype

Med naturtype forstår vi eit einsarta, avgrensa område i naturen som omfattar plante- og dyreliv og miljøfaktorar. Eit landskap med stor variasjon inneheld eit stort mangfald av naturtypar, som er levestad og livsmiljø for eit rikt artsmangfald.

Tilstandsvariabel

Med tilstandsvariabel forstår vi den eller dei eigenskapane ved naturtypen som bevaringsmålet er retta mot.

Bevaringsmål

Bevaringsmål er den tilstanden ein ønskjer at eit utval av naturkvalitetar i eit verneområde skal ha. Bevaringsmåla skal helst vere målbare, og kan eksempelvis presiserast gjennom mål for areal eller førekomst av bestemte arter

Overvaking

Med **overvaking** forstår vi å føre kontroll/oppsyn med at naturtypen er i den tilstand som er ønskeleg for å oppfylle verneformålet best mogleg.

Tilstandsklasse


Tilstandsklasse er ein inndeling i god, middels og dårleg. Dette fortel oss i kva tilstand naturtypen er i.

Tiltak

Tiltak er det som er planlagd utført av praktisk arbeid for å få oppfylle bevaringsmålet.

Tabell 1: Oversikt over bevaringsmål og tiltak for Batnfjordsøra naturreservat, VV000001989.

Mål nr.	Naturtype	Tilstandsvariabel	Bevaringsmål	Overvaking	Tilstandsklasse	Tiltak
1	Strandeng og strandsump G05	Historisk bruksform	Oppretthalde det arealet vi hadde i 1981 med grusstarr-saltsiv-eng.	Feltobservasjon av fagbotaniker i kombinasjon med ruteanalyse.	Usikker	Ruteanalyse fram til ein får meir kunnskap om kva utformingar som finnes.
2	Strandeng og strandsump G05	Historisk bruksform	Oppretthalde det arealet vi hadde i 1981 med raudsvingel-eng	Feltobservasjon av fagbotaniker i kombinasjon med ruteanalyse.	Usikker	Ruteanalyse fram til ein får meir kunnskap om kva utformingar som finnes. Vurdere behovet for beitedyr.
3	Strandeng og strandsump G05	Framande artar	Restaurere urteeng	Overvake arealet for spirer/småplanter av sitkagran	Usikker	Fjerne framande artar



3 BRUKARINTERESSER

3.1 Verneforskrifta og brukarinteresser

Verneforskrifta dannar grunnlag og rammer for kva aktivitetar som er tillate i Batnfjordsøra naturreservat. I dette kapittelet vil verneforskrifta bli knytt mot ulike brukarinteresser. Heile verneforskrifta ligg som vedlegg nr. 1.

Det er særleg nokre kapittel i verneforskrifta som gir retningslinjer for forvaltninga. I §3 går det fram kva for reglar som gjeld for reservatet, her er det opplista kva aktivitetar som ikkje er tillate innafør reservatet. I §4 er det omtala dei aktivitetane som er unntatt frå reglane i §3, mens det i §5 går fram kva aktivitetar forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til etter søknad. Aktivitetar som er forbode gjennom forskriftene i §3, og som ikkje er nemnt i §4 eller §5 er i utgangspunktet forbode. Fylkesmannen kan likevel gje dispensasjon frå verneforskriftene i enkelte tilfelle. Ein dispensasjonssøknad skal då handsamast etter NML § 48. Tolking av forskrifta er nærare omtala i kapittel 5.2.

3.2 Primærnæring – jordbruk og skogbruk

I følgje ei oversikt frå Norsk institutt for skog og landskap er det innan verneområdet 35 dekar innmarksbeite og anna landareal. Vi kan ikkje sjå nokon store interessemotsetningar mellom vern og landbruket sin bruk av området i dag. Det er heller eit ønske frå forvaltningsstyresmaktene at beite vart utvida til ein større del av reservatet. Det er i dag bare beite på deler av arealet nord-vest for Batnfjordselva. Det beita arealet er gjerda inne. Ei anna utfordring er det at sitkagrana har begynt å sette kongler som resulterer i at småplantar av sitkagran kjem opp fleire stader i det verna område. Dette ser vi på som eit akselerande problem for den naturlege vegetasjonen. Dette vil og på sikt redusere verneområdet sin verdi som beiteareal. Så her burde forvaltningsstyresmakta for verneområdet og grunneigarane ha ei felles interesse i å stoppe spreiding av sitkagrana. Tilsig av næringsstoff frå tilgrensande landbruksareal utgjer ikkje noke problem i dag, men bør følgjast med. I ein undersøking utført av NIVA i 1997 vart Batnfjordselva sett i tilstandsklasse I-II (meget god – god) basert på groesamfunn i elva og vasskvalitet til ulike brukarføremål.

Opp gjennom tidene har grunneigarar henta sand, grus og stein frå elveos og fjøra til eige bruk. §5 nr. 6 opnar for at forvaltningsstyresmaktene kan gje løyve til dette etter søknad. Med søknad i slike tilfelle er ein



Figur 6 Hestebeite hindrar attgroing ned mot vernegrensa.
Foto: Åsmund Skålvik

e-post til postmottak@fmmr.no nok. Søknaden skal innehalde kvantum, kart over kvar ein har tenkt uttaket, kjøretrase og kva reiskap som er tenkt brukt. Fylkesmannen som forvaltningsstyresmakt kan setje vilkår for eit eventuelt løyve.

Forskriftene i § 4 nr.7 og nr.8 er ikkje til hinder for oppsetjing og vedlikehald av eksisterande gjerder i samband med inngjerding av beitedyr. Men det må her søkjast løyve etter § 5, nr.1 dersom det skal nyttast motoriserte kjøretøy. Vi gjer her merksam på at det ikkje var nokon form for jordbruksdrift i det verna området på vernetidspunktet.

Ifølgje § 3, nr.3 er det ikkje lov å etablere nye grøftelaup eller på anna måte tørrleggje nytt areal i naturreservatet. Dette er ikkje til hinder for drift og vedlikehald på eksisterande grøfter etter § 4, nr.2, men det må søkjast om løyve til bruk av motorferdsel etter § 5, nr. 1. Det er heller ikkje tillate å gjødsle, nytte plantevernmiddel eller innføre nye planteartar, og *”Vegetasjonen på land og i sjøen, også daude planter, er freda mot all form for skade og øydelegging. Det er forbod mot å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet”*.

Forvaltingsmål for primærnæringa

- Opprette eit beiter regime som gjer at naturkvalitetane i strandsona vert oppretthalde.
- Starte arbeidet med å fjerne småplantar av sitkagran i samarbeid med grunneigarane. Frøtrea i og utanfor det verna området bør også fjernast på litt lengre sikt.

3.3 Jakt, fiske og friluftsliv

Det er ikkje lovleg å drive jakt på andre artar enn dei som det opnast for i § 4, nr.4, altså hjortedyr, canadagås og fangst av villmink. Canadagås og villmink er å sjå på som uønskja artar i norsk natur, så det oppmodast å drive jakt på desse artane.

Ein mistenkjer at villmink gjer skade på hekkande fugl i reservatet, men det er usikkert kor stor minkbestanden er eller kva som er omfanget av eventuelle skadar. Dette kan kartleggast ved prøvefangst og eventuelle tiltak settast i gang dersom det viser seg at mink representerer eit omfattande problem. Slik fangst bør i tilfelle skje med slagfelle.

Verneforskrifta seier klårt i § 2, nr 2 at *”Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Nye dyreartar må ikkje førast inn.”*

Ein gjer her merksam på at § 3 i viltlova er erstatta av § 15 i NML. Unntaket er fangst av villmink, som ein trur gjer skade på fugebestanden, særleg i hekketida.

Det er fleire fiskeplassar langs sjøen i naturreservatet. Fiske er lovleg etter det til ei kvar tid gjeldande regelverk. Dette inkluderer fiske etter hummar, krabbe og skjell. Det er bandtvang for hund i Batnfjordsøra naturreservat. Det vil bli sett opp nye informasjonstavler som mellom anna opplyser om bandtvangen.

Verneforskriftene går føre friluftsløva og Allemannsretten ved eventuelle tvil om lovverket. Fordi dette er eit område som er verna med sterk vekt på plante- og fuglelivet vil naturen derfor bli prioritert over friluftsløvsinteresser ved ein eventuell konflikt. Forskriftene som er aktuelle i samband med friluftsliv er omtala i §§ 4-6. og gjer klar rettleiing for kva aktivitetar som ikkje er lovleg;

§4 Motorferdsel på land er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.

§5 Bruk av naturreservatet til teltleir, idrettsarrangement, jaktprøver eller andre større arrangement er forbode.

§6 Bruk av sykkel og hest utanom eksisterande vegar er forbode.

Området har vore nytta til å setje ut og ta på land mindre fritidsbåtar. Då bruk av motoriserte kjøretøy er forbode etter §3, nr. 4 er dette ein aktivitet som ikkje kan fortsetje. Vegen som går inn i verneområdet i aust og som i dag blir nytta av bilar vil bli fysisk stengd med det første.

I planprosessen er det kome fram ønskje om å legge ut ei flytebryggje i reservatet. Dette for at først og fremst barn og unge skal kunne nytte denne i samband med bruk av kajakk. Fylkesmannen kan ikkje sjå at ei flytebryggje permanent eller periodisk inne i det verna området kan vere i samsvar med verneformålet. Dersom det ligg ei bryggje ute vil terskelen bli lågare for at fleire òg vil nytte seg av denne. Gjemnes kommune har lagt til rette for

Forvaltingsmål for jakt, fiske og friluftsliv.

- Forstyrninga av fuglelivet bør generelt haldast på eit minimum, det er viktig at informasjon om området vektlegg betydinga området har for fuglelivet
- Bestanden av villmink skal overvakast og om nødvendig drivast fangst på.

aktivitetar ved sjø i rimeleg avstand frå sentrum, dette området er ope for alle.

3.5 Undervisning og forskning

Det er sett opp to informasjonstavler om Batnfjordsøra naturreservat langs stien ned mot reservatet. Det ligg til rette for å ha undervisning i området i store delar av året, særleg for med mindre grupper av elevar. Både plassering, størrelse og dei tilretteleggingar som er gjort i samband med opparbeid gangsti gjer at undervisning i fleire fag kan vere aktuelt. Men vi gjer her merksam på at det ikkje er lov å fjerne eller skade plantar etter verneforskrifta. Fagstoff om Batnfjordsøra naturreservat finn ein på www.dirnat.no (naturbasen), www.artsdatabanken.no og www.miljostatus.no

Forvaltingsmål for undervisning og forskning

- Det kan leggest til rette for undervisning, formidling og forskning innafor verneområdet så sant dette ikkje går ut over verneformåla for reservatet

3.6 Bygningar og tekniske inngrep

Av tekniske inngrep finst det to vegar/kjøretrasear inne i det verna området. Den eine kjøretraseen går langs Batnfjordselva og har vore nytta ved transport av grus. Den andre vegtraseen går lenger aust i reservatet i retning av Hola. Denne vegen har vore nytta til å setje ut, og å ta på land mindre båtar. Grunneigarane kan få løyve etter søknad til avgrensa uttak av sand, stein og grus til eige bruk etter forskrifta § 5, nr. 6. Det er i desse tilfella viktigare kor i terrenget det vert nytta motoriserte kjøretøy enn uttaket av masse. Men uttaket bør skje på fjøre sjø og under flomålet. Dersom forvaltingsstyresmakta gir løyve til uttak av grus, stein og sand kan slike løyve ha ein tidsavgrensing på et antall år og at det skal kjørast i eksisterande trasear. Gjemnes kommune held på å utarbeide klima- og energiplan. Fornybare energikjelder som mellom anna varmpumpeanlegg vert vurdert. Eit slikt tiltak vil kunne medføre at kommunen må føre delar av anlegget gjennom naturreservatet. Gjemnes kommune kan rekne med løyve, men inngrepet må i tilfelle planleggast saman med forvaltningsstyresmakta for reservatet. Det må elles ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. bygningar. Forskrifta § 3, nr. 3 listar opp fleire tiltak som ikkje er tillat. Vi gjer merksam på at opplistinga er ikkje fullstendig. Det finst nokre unntak, desse er lista opp i § 4.



Figur 7 Ein av vegane som går inn i reservatet.
Foto: Åsmund Skålvik

3.7 Randsona rundt reservatet

Rett utanfor det verna området er det mellom anna etablert ein bensinstasjon/verkstad i tillegg til at RIR (Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap) har ein miljøstasjon i grenssona til reservatet. Miljøstasjonen til RIR er eit mellomlager for grovavfall frå private heimar og mindre bedrifter. Det vert ikkje levert organisk avfall hit. Sjølv om dette er eit tett anlegg bør ein ved oppsyn vere merksam på mogleg avrenning frå desse føretaka. Mesta har også ein driftstasjon som grenser inn til reservatet. Mesta bør sikre at det ikkje vert tilsig av skadelege væsker eller fast masse frå denne stasjonen og inn i reservatet. Mesta bør òg vurdere om det kan etablerast eit fysisk skilje i form av kantstein/mur eller liknande mot det verna arealet. Gjemnes kommune har to vassleidningar som går gjennom det verna området og ut på djupt vatn. Som ein del av dette anlegget er det ei inspeksjonsluke inne på det verna området, og ei anna ligg i grensa til det verna området.

Då Norge har teke på seg eit særskild ansvar for verna område som har stor verdi for ettertida vil Fylkesmannen i Møre og Romsdal oppmode Gjemnes kommune og grunneigarane til å vise varsemd også i randsona utanfor det verna området. Vi syner her særskilt til NML § 49 ”utanforliggende verksemd som kan føre til skade inne i eit verneområde”. Den nye plan og byggingslova gir òg signal om å vise varsemd i randsona til verna område gjennom PBL § 11-8 omsynssoner og § 12-6 omsynssoner i reguleringsplan.



Figur 8 Overflatedrenering renn ut i det verna området. Foto: Åsmund Skålvik

Forvaltingsmål for bygningar og tekniske inngrep

- Det skal ikkje etablerast nye bygningskonstruksjonar innafor naturreservatet
- Halde oppsyn med faren for avrenning frå nærliggjande verksemdar.

4 FORVALTINGSOPPGÅVER OG TILTAK

4.1 Skjøtsel og forvaltningstiltak

Med *skjøtsel* meiner ein aktive tiltak på økologisk grunnlag som forvaltingsstyresmakta eller dei som er tildelt slik styresmakt set i gang for å ta vare på naturkvalitetane i området i samsvar med verneformålet. Heimel til skjøtselstiltak finn ein i NML § 47 i tillegg til verneforskrifta sin § 8.. Dersom forvaltingsstyresmakta finn det naudsynt kan dei òg nytte motoriserte kjøretøy i samband med godkjende skjøtselstiltak.

Forvaltingsstyresmakta kan ikkje pålegge grunneigarar å utføre skjøtseloppgåver, men nært samarbeid mellom forvaltingsstyresmakta og grunneigarane er viktig for å oppnå gode og

heilskaplige resultat i verneområdet. All skjøtsel skal skje i samarbeid med fylkesmannen og SNO. Gjennomføring av tiltak med omfattende aktivitet skal skje i perioden 1. juli til 31. mars. Dette er for å unngå å forstyrre hekkande fugl. Omfanget av strandsjøppel var ikkje stort (hausten 2010), men ein bør rydde stranda for søppel etter behov.

Til planen er det utarbeidd liste over tiltaka, sjå vedlegg nr. 7. For kvart tiltak må kostnaden vurderast etter kor mykje pengar som blir løyvd frå sentralt hald kvart år. I tillegg må meir detaljert budsjett settast opp for større prosjekt.

Framande planteartar

Det er viktig å fjerne det framande treslaget sitkagran i og nær reservatet. Dette representerer ein reell fare for den lokale floraen ved at dei spreier seg og fortrenger annan vegetasjon. Det er i dag eit lite felt innan reservatet i tillegg til nokre tre på utsida av reservatet. I samband med oppfølging av vegetasjonskartlegginga til Kristiansen vil vi få ein betre oversikt over kva for framande planteartar som er kome in i reservatet.

Beite

Det er ønskeleg med beite i reservatet for å halde strandvegetasjonen i hevd, og å hindre gjengroing. Her har grunneigar og forvaltningsstyresmakter felles interesse i at beite ikkje blir for hardt. Det må vurderast om det er praktisk og økonomisk mogleg å beite med sau eller storfe/islandshest for å hindre attgroing. Komplette tiltaksliste med tidsperspektiv, ansvarleg instans er lista opp i vedlegg 7.

Terrenginngrep

Det er lagt opp ein kunstig voll parallelt med elveutløpet inne i reservatet. Denne vollen kan med fordel fjernast. Her er det i ferd med å etablere seg trevegetasjon som ikkje er naturleg for vegetasjonstypen.



Figur 9 Ein kunstig voll av jord/grus er lagt opp parallelt med elveosen. Foto: Asbjørn Børset

Skjøtselstiltak

- Stimulere til å ta opp att beiting i området
- Fjerne eller planere ut kunstig voll av grus og jordmasser langs elveosen
- Fjerne framande artar som sitkagran
- Rydde strandsjøppel i vågen og langs fjøra etter behov

4.2 *Overvaking og kartlegging av naturkvalitetar*

Effektiv overvaking av naturområdet krev kunnskap om verneverdiane og tilstanden til desse. Jamleg overvaking av naturkvalitetane er naudsynt for å kunne vurdere tilstand og behov for tiltak. Batnfjordsøra naturreservat har dei siste tiåra ikkje vore overvaka systematisk, og kunnskapen som finst om reservatet er usystematisk og til dels forelda. Vi har gode botaniske registreringar frå 1981, men desse burde vore følgd opp med tanke på at bruken av areala har endra seg. Den botaniske verdien var ærleg vektlagt ved etablering av vernet. I denne forvaltingsplanen er det definert bevaringsmål for fleire naturkvalitetar i reservatet, og oppfølging av desse er sentrale for forvaltninga av reservatet i framtida.

Batnfjordsøra bør overvakast med visse intervall for å kartleggje tempo og mønster på ei eventuell gjengroing, og ein må vurdere tiltak ved kvar revidering av forvaltingsplanen.

Fylkesmannen har hovudansvaret for overvakinga av naturkvalitetane i det verna området. Statens naturoppsyn (SNO) vil i dei fleste tilfella stå for den praktiske gjennomføringa. Dette blir avklart årleg. SNO rapporterer til fylkesmannen når det er behov for det, og minst ein gong kvart år. Utvikling og tilstanden til bevaringsmåla skal evaluerast av fylkesmannen og tiltak setjast inn om naudsynt.

Overvakingstiltak

- Det skal utførast ei taksering av fugl knytt til Batnfjordsøra naturreservat, dette gjeld både hekkande fugl, trekkfugl og artar som overvintrar.
- Det skal utførast vegetasjonsanalyse for å følgje med eventuelle endringar i plantesamfunn.
- Overvaking av området skal gi auka kunnskap om utviklinga av naturkvalitetane i Batnfjordsøra naturreservat
- Overvakinga skal gi kunnskap om korleis skjøtselen og bruk påverkar naturkvalitetane, og eventuelt endrar seg.

Tiltaksliste med tidsperspektiv og ansvarleg instans er lista opp i vedlegg nr.7.

4.3 *Informasjon og tilrettelegging*

Gjemnes kommune har lagt til rette med parkeringsplass ved offentleg veg for å lette tilkomsten til strandsona på Batnfjordsøra. Frå parkeringsplassen er det laga ein gangsti langs delar av reservatet. Fylkesmannen har her sett opp to informasjonstavler for Batnfjordsøra naturreservat. Fylkesmannen bør vurdere om dette er nok eller om det òg skal setjast opp informasjonstavler ved kommunen sitt kloakkrenseanlegg og ved vegen mot Hola. Denne gir forutan informasjon om naturfaglege emne òg informasjon om bandtvang for hundar. All informasjon skal utarbeidast av eller i samarbeid med fylkesmannen.

Informasjons- og tilretteleggingstiltak

- Ekstraskilt som opplyser om at det er bandtvang heile året innafor reservatet
- Informere om brukarretter for reservatet, helst ved å oppdatere informasjonstavla for verneområdet

Komplett tiltaksliste med tidsperspektiv og ansvarleg instans er lista opp i vedlegg nr.7

4.4 Oppsyn

Med eit vernevedtak oppstår det behov for å føre kontroll med at verneforskriftene og eventuelle løyve og dispensasjonsvedtak vert etterlevd. Statens Naturoppsyn (SNO) har ansvar for oppsyn i verneområda i Noreg. Ei av oppgåvene til SNO er å sørge for at vernereglane for området vert følgd. I tillegg har SNO ein god og tett dialog med fylkesmannen og vil bli orientert dersom det er gitt dispensasjonar frå verneforskrifta til ulike tiltak inne i reservatet. Heimel til å foreta oppsyn finn vi i § 63 i NML.

SNO har oppsynsmynde i medhald av lov av 21. juni 1996 om statleg naturoppsyn, og politimynde etter miljølovene; friluftsløva, naturmangfaldlova, motorferdslelova, kulturminneløva, viltlova, lakse- og innlandsfiskeløva og delar av forureiningslova. I tillegg til kontrolloppgåvene etter desse lovene, skal oppsynet drive rettleiing og informasjon, skjøtsel, tilrettelegging, registrering og dokumentasjon. Mange av desse tiltaka i blir gjort i samråd med fylkesmannen, og enkelte av tiltaka er nærare presentert i denne forvaltingsplanen. Fylkesmannen i Møre og Romsdal er som forvaltingsstyresmakt bestillar av oppsynstjenester hos SNO.

5. SAKSHANDSAMING

5.1 Forvaltingsstyresmakt

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR) er forvaltningsstyresmakt for Batnfjordsøra naturreservat. Eventuelle søknader om dispensasjon frå verneforskrifta skal sendast direkte til fylkesmannen.

5.2 Lovverk, føringar og forvaltning

Naturvernloven frå 1970 blei oppheva da naturmangfaldloven (NML) vart vedtatt 19. juni 2009. I denne samanheng er egne overgangsreglar i NML § 77 klår på at verneforskrifter vedtatt etter naturvernlova fortsett gjeld. Store delar av naturvernloven er vidareført i kap. 5 i naturmangfaldloven. Sjølv om hovudtrekka i naturvernloven er vidareført, er det gjort nokre endringar. Det er viktig her å merke seg at prinsippa i NML kap. II om alminnelege reglar om berekraftig bruk og § 48, dispensasjon frå vernevedtak, gir føringar som skal nyttast ved sida av forskriftene til det enkelte verneområdet. Forskrifta for verneområdet går normalt føre anna lovverk og forskrifter. Med få unntak vil verneføresegnene innehalde strengare reglar som gjeld bruk og tiltak enn anna lovverk. Enkeltvedtak skal tolkast i lys av det spesifikke verneformålet. Tvil om rettslege rammer i ei verneforskrift bør til dømes tyde at forskrifta fortolkast innskrenkande.

Forvaltning av verneforskrifta

Eventuelle søknader om løyve/dispensasjon skal òg vegast opp mot dei alminnelege reglane for berekraftig bruk i NML sitt kap. II i tillegg til NML sin § 48. Reglane her kjem i tillegg til

verneforskrift for Batnfjordsøra naturreservat. Avgjer av ein søknad om dispensasjon frå ein verneforskrift vil vere eit enkeltvedtak etter forvaltingsloven og kan klagast på.

Verneforskriftene endrar ikkje grunneigars retter og plikter etter anna regelverk utan at det går fram særskilt av forskriftene. Forskriftene endrar f.eks. ikkje grunneigars rett til å nekte motorferdsel eller andre tiltak på sin eigedom. Grunneigar kan likevel ikkje nekte forvaltningsstyresmakta motorferdsel på sin eigedom i samband med skjøtsel. Verneforskrifta kan innebere forbod eller innskrenkingar i grunneigars, rettshavars og publikum sin råderett, men kan ikkje gi vernestyresmakta eller det offentlige noen særskilt råderett ut over det som følgjer av høve til skjøtsel etter regelverket.

Forvaltninga av verneområde skal skje i eit langsiktig perspektiv. Dette stiller krav til langsiktig tenking både hos fylkesmannen, SNO og dei som nyttar området dagleg. Eventuelle brot på lovverk i verneområdet skal meldast til kommunen, SNO eller forvaltningsstyresmakta som i sin tur vil vurdere tiltak eller politimelding. Ein syner her til NML kap. IX om handheving og sanksjonar.

Forståing av unntak frå forskrifta

§ 4 i verneforskrifta listar opp ei rekkje aktivitetar som ikkje krev løyve eller dispensasjon.

Punkt 1 omtalar aktivitet av nasjonal karakter og desse er alltid tillate i verna område. Dette omfattar ikkje unntak for øving for nemnte formål. Ingen privatpersonar kan handle etter dette punktet.

Punkt 2 stadfestar at vedlikehald av grøftelaup i reservatet er lov. Det bør likevel gjerast i samarbeid med forvaltningsstyresmakta for å unngå skade på verneverdiane.

Punkt 3 er ei referanse til friluftslova, som stadfester allemannsretten.

Punkt 4 opnar for jakt på hjortedyr, altså hjort og rådyr, kanadagås og villmink. Hjortedyr kan gjere betydelig skade på verneverdiane i reservatet. Ved fangst av villmink skal det nyttast slagfelle for ikkje å påføre dyra liding. Feller må sikrast mot andre dyr og menneske.

Punkt 5 nemner fiske og uttak av fjøremark og agnskjel i reservatet. Dette er tillate etter dei lover og forskrifter som for tida gjeld. Medrekna er fiske etter til dømes krabbe og hummar. Grunneigar har rett på alle haustbare ressursar på sin eigedom i samsvar med norsk lov, derfor må ein ha løyve frå grunneigar for å hente ut slike artar. Sanking av tang og tare er ikkje lov.

Punkt 6 opnar for tradisjonelt beite. Direktoratet for naturforvaltning kan regulere beitetrykket slik at det er i tråd med verneformålet. Både auka og redusert trykk kan vere aktuelt.

Punkt 7 opnar for at jordbruksaktivitet på dyrka mark som var i reservatet ved fredingstidspunktet kan halde fram. Det var ikkje jordbruksaktivitet på dyrka mark i området då det vart verna. Dette unntaket er såleis uaktuelt for reservatet. Det er litt gamal slåttemark innan reservatet, men denne er ikkje i drift.

Punkt 8 gir rom for å sette opp gjerde som er naudsynt for tradisjonell drift, til dømes for beitedyr som går i reservatet eller for å verne spesielt utsett avling. Det må her søkjast løyve dersom det skal nyttast motoriserte kjøretøy.

Punkt 9 nemner at båt kan leggest på etablert båt plass. Vi har ikkje registrert etablert båt plass i bruk dei siste åra.

§ 5 i verneforskrifta viser til dei tilhøve der fylkesmannen kan gje løyve etter søknad. Sjølv om dispensasjonsheimelen er det klare utgangspunktet for tolkinga, må ein dispensasjon også vurderas ut frå verneformålet og naturforholda i det enkelte området. Det bør gis dispensasjon for tiltak som bidrar til å fremme verneverdiane. Slik bruk kan også vurderast som eit ledd i forvaltning for å bevare verneverdiane. Alle dispensasjonar skal vere tidsavgrensa.

Punkt 1 opnar for motorferdsel i samband med drift og vedlikehald av grøfter som alt fanst ved vernetidspunktet (§ 4 punkt 2), aktivitet relatert til beite (§ 4 punkt 6) og inngjerding (§ 4 punkt 8) og ved opprydding og sanking av drivved. Ein bør likevel unngå motorisert ferdsel i reservatet så langt det er mogeleg.

Punkt 2 opnar for vedlikehald av eksisterande stiar og ferdselsveggar. Det er to traktorløyper inne i reservatet. Den eine langs elva kan nytast til uttak av sand/grus etter løyve. Den andre kan vi ikkje sjå har nokon funksjon i dag og bør stengjast fysisk. Fylkesmannen ser heller ikkje noko behov for vedlikehald av denne vegen.

Punkt 3 nemner etablering av grøftelaup for drenering av tilgrensande areal. Dette kan bli aktuelt, men alternative løysingar må vurderast. Det skal ikkje leggest nye grøftelaup som er i strid med verneformålet.

Punkt 4 opnar for avgrensa uttak av ved. Dette er ikkje aktuelt på Batnfjordsøra. Men noko lauv er i ferd med å kome opp langs elva, og dette kan med fordel takast ut. Sjå også punkt 8.

Punkt 5 viser til Batnfjordsøra sin historiske funksjon som båt plass. Gjennom prosessen med forvaltingsplanen har fylkesmannen komme fram til at å bruke stranda som lagerplass for båt ikkje er i samsvar med verneformålet.

Punkt 6 viser til tradisjonelt uttak av sand, stein og grus. Uttak må berre være av mindre omfang til privat bruk, og alle store eller kommersielle uttak er forbode. Ved søknad om uttak må mengda som ein ynskjer å ta ut i tillegg til tidspunktet for uttaket gå fram. Staden for uttaket må spesifiserast i eit kart. Ofte vil uttak av sand, stein og grus også krevje ein søknad om motorisert ferdsel, slike tilfelle krev dispensasjon frå føresegna. Det skal nyttast eksisterande vegtrasear og vegetasjonen skal ikkje kome til skade ved slikt uttak. Dersom det vert gitt løyve skal det vere tidsavgrensa, og angi eit kvantum, eks. 5 m³ pr. år.

Punkt 7 gir rom for sanking av tang og tare etter løyve. Det er ikkje rom for uttak til kommersielt bruk.

Punkt 8 opnar for å rydde unna busk- og trevegetasjon som hindrar jordbruket. Det gjeld også rydding av slik vegetasjon på beitemark. Dette punktet er uaktuelt i reservatet i dag.

Punkt 9 opnar for avgrensa bruk av reservatet til sosiale arrangement av ulik type som jaktprøver, telteleirar og idrettsarrangement. Mindre slike arrangement, som sankthansfeiring, kan få løyve, men er altså søknadspliktig. Det er da viktig å hugse at andre ting i samband med slike arrangement også kan være søknadspliktig både til forvaltingsmynde og kommune, til dømes brenning av bål. Vi tolkar dette punktet slik st skuleklassar/barnehagar på sporadisk besøk ikkje treng løyve.

Punkt 10 gir Kystverket heimel til å legge naudsynte konstruksjonar her, og er ikkje aktuell problemstilling for privatpersonar.

Generelt om dispensasjon frå forskrifta

Etter overgangen til naturmangfaldloven 1.juli 2009 gjeld no naturmangfaldlovens § 48 i **staden for** den generelle dispensasjonsparagrafen i verneforskrifter som er eldre enn dette. Det betyr at saker om dispensasjon ikkje skal behandlast etter § 7 i verneforskrifta for Batnfjordsøra naturreservat, men etter naturmangfaldloven § 48. Dei spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskrifta § 5 gjelder framleis. Naturmangfaldlovens § 48 er sitert nedst i vedlegg nr. 1, verneforskrifta.

Retningslinjer for sakshandsaming

Punkta under syner generelle retningslinjer for all sakshandsaming som gjeld Batnfjordsøra naturreservat.

1. Alle søknadar om tiltak som krev løyve/dispensasjon etter verneforskriftene skal sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
2. Normalt vil verneforskriftene ha strengare reglar enn det som gjeld anna lovverk. Alle søknadar skal difor først vurderast etter verneforskriftene før dei eventuelt vert behandla etter anna lovverk. Eit vedtak på ein søknad om dispensasjon frå ein verneforskrift er eit enkeltvedtak etter forvaltingslova.
3. Klage på vedtak gjort av fylkesmannen skal handsamast etter reglane i forvaltingslova. Ein eventuell klage på eit vedtak skal derfor stilast Direktoratet for naturforvaltning, men sendast Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Fylkesmannen vil då sjå om det er kome nye saksopplysningar som tilseie at vedtaket kan gjerast om. Dersom forvaltingsstyresmakta opprettheld sitt vedtak skal klagen sendast til Direktoratet for naturforvaltning for endeleg handsaming og vedtak.
4. Desse instansane skal alltid ha kopi av alle vedtak: Gjemnes kommune, Direktoratet for naturforvaltning og Statens Naturoppsyn.

Behov for endring av forskrifta

Forskrifta er laga etter ein mal som på nokre punkt ikkje er i samsvar med nyare vernevedtak for naturreservat, og har behov for ei oppdatering og modernisering. Dette vil fylkesmannen i tilfelle samordne med andre verneområde og handsame som eiga sak på eit seinare tidspunkt. Fylkesmannen gjer merksam på at dersom det er usemje om grensene til verneområdet er det grensene som vart vedteke saman med forskrifta i kongeleg resolusjon 08.11.2002 som gjeld.

6 PERIODEN FORVALTNINGSPLANEN GJELD

Forvaltingsplanen for Batnfjordsøra naturreservat gjeld fram til ny forvaltingsplan er vedtatt. Fylkesmannen er ansvarleg for revideringa av planen. Vi tar sikte på å gjere dette kvart 10. år, første gong i 2020. Fylkesmannen kan revidere planen på eit tidlegare tidspunkt om det er naudsynt. Bevaringsmåla vil bli revidert i samsvar med nasjonale standardar når desse føreligg, uavhengig av rullering av forvaltingsplanen.

7 REFERANSAR

Artsdatabanken, 2006. *Norsk Rødliste 2006*.

<http://www.artsdatabanken.no/Article.aspx?m=114&amid=1792>. 15.08.09

Artsdatabanken, 2007. *Norsk svarteliste 2007*.

<http://www.artsdatabanken.no/Article.aspx?m=172&amid=2581>. 20.09.09

Direktoratet for naturforvaltning, 2008. *Håndbok 17 – Områdevern og forvaltning*.

www.dirnat.no, 03.08.09.

Direktoratet for naturforvaltning, 2008. *Håndbok 27 – Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv*. www.dirnat.no, 12.08.09.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 1995. Rapport nr. 13. *Utkast tilverneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal fylke*.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 2000. rapport nr. 04. *Landbrukspåverka vassdrag i Møre og Romsdal 1992 – 1997*.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 2000. rapport nr. 03. *Miljøkartlegging i vassdrag i Møre og Romsdal pr. 01.01.2000*.

Folkestad, A. O., 1978. *Ornitologisk viktige våtmarksområder i Norge*.

Miljøverndepartementet.

Grønningsæter, Erik, 2007. *Lokalitetsguide til fugler og dyr i Møre og Romsdal*.

Kristiansen, Jarle Noralf, 1982. *Strandvegetasjonen på Batnfjordsøra Gjemnes kommune, Møre og Romsdal*. Universitetet i Trondheim. Det Kgl. Norske Videnskabers Selskap, Museet, Botanisk avd.

Moen, A. 1998. *Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon*. Statens kartverk, Hønefoss.

Norderhaug, A. 1991. *Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker*. Landbruksforlaget, Fagernes.

Nettsteder

Artsdatabanken. <http://www.artsdatabanken.no/frontpage.aspx?m=2>

Direktoratet for naturforvaltning, 2008. *Naturbase*. www.dirnat.no

Lovdata, 2009. www.lovdata.no/

Miljøstatus i Norge. <http://www.miljostatus.no/>

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, areal- og miljøvernavdelinga.

<http://www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=1552>

Meteorologisk institutt. www.met.no

Vedlegg nr. 1

Forskrift om verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal, freding av Batnfjordsøra naturreservat, Gjemnes kommune, Møre og Romsdal.

Fastsett ved kgl.res. 8. november 2002 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jf. § 10 og § 21, § 22 og § 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1. Avgrensing

Det freda området vedkjem følgjande gnr./bnr.: 29/1,3,14,53, 42/1,2,3,4,5,6,7,8,9,10,11,12 og 13.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på ca. 212 dekar, av dette er ca. 87 dekar sjø.

Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1:5000 datert Miljøverndepartementet oktober 2002. Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Forskrifta med kart blir lagra i Gjemnes kommune, hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2. Formål

Formålet med fredinga er å ta vare på eit av dei få gjenverande større grusøyrrer i fylket der det framleis er relativt store areal med intakt strandeng med store botaniske og ornitologiske verneinteresser.

§ 3. Vernereglar

For naturreservatet gjeld følgjande reglar:

1. Vegetasjonen på land og i sjøen, også daude planter, er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye plantearter må ikkje førast inn. Planting eller såing av tre er ikkje tillate.
2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging. Nye dyrearter må ikkje førast inn.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg og faste innretingar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, utføring av kloakk eller tilførsel av konsentrert forureining, tømning av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje fullstendig.
4. Motorferdsel på land er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.
5. Bruk av naturreservatet til teltleirar, idrettsarrangement, jaktprøver eller andre

større arrangement er forbode.

6. Bruk av sykkel og hest utanom eksisterande vegar er forbode.

§ 4. *Generelle unntak*

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak som gjeld ambulanse, politi, brannvern, redning, oppsyn, skjøtsel og forvaltning. Motorferdsel i samband med øving krev særskilt løyve.
2. Drift og vedlikehald av grøfter og anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.
3. Sanking av bær og matsopp.
4. Jakt på hjortedyr og kanadagås og fangst av villmink.
5. Fiske, uttak av fjøremark og agnskjel.
6. Tradisjonelt beite. Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift regulere beitetrykket i heile eller delar av reservatet.
7. Jordbruksdrift, medrekna naudsynt motorferdsel, på eksisterande dyrka mark som er i drift på fredingstidspunktet.
8. Inngjerding av innmark og beiteareal som ein naudsynt del av den tradisjonelle landbruksdrifta.
9. Opplag av båt på etablert båt plass.

§ 5. *Eventuelle unntak etter søknad*

Forvaltningsstyremakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Motorferdsel i samband med verksemd som er nemnt i § 4, pkt. 2, 6 og 8, og sanking av drivved og opprydding.
2. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdselsvegar.
3. Etablering av nye grøfteutløp for drenering av tilgrensande areal.
4. Avgrensa uttak av ved.
5. Opplag av båt på ny plass.
6. Avgrensa uttak av sand, stein og grus til eige bruk.
7. Tang- og taresanking.
8. Fjerning av tre og buskar når desse er til hinder for jordbruksdrifta.
9. Avgrensa bruk av naturreservatet som angitt i § 3, pkt. 5.
10. Etablering av anlegg for Kystverket.

§ 6. *Ferdsel*

Direktoratet for naturforvaltning kan av omsyn til verneformålet ved forskrift forby eller regulere ferdsel i heile eller delar av naturreservatet.

§ 7. *Generelle dispensasjonsreglar* NB:UTGÅTT, sjå naturmangfaldlova § 48.

Forvaltningsstyremakta kan gjere unntak frå forskrifta når formålet med fredinga krev det, eller for vitskapelege undersøkingar, arbeider av vesentleg verdi for samfunnet, og i spesielle tilfelle dersom det ikkje strir mot formålet med fredinga.

§ 8. Skjøtsel

Forvaltningsstyremakta, eller den forvaltningsstyremakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje formålet med fredinga. Det kan lagast forvaltningsplan som kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 9. Forvaltningsmynde

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal ha forvaltningsmynde etter denne forskrifta.

§ 10. Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft straks.

Lov om forvaltning av naturens mangfold NML (naturmangfaldlova)

§ 48. dispensasjon fra vernevedtak

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.

Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.

Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.

Vedlegg nr. 2



Vedlegg nr. 3

Tabell over plantesamfunn på Batnfjordsøra i Gjemnes kommune. Jarle Noralf Kristiansen, 1982

Samfunnstype		Strandnivå	Voksested	Areal	Antall karplanter
A	Skjørbuksurt-samfunn	Hydrolitoralen (mellom nedre fjøre og normalflo)	Grus	20 x 50 m	1
B	Samfunn med strandstjerne	Geolitoralen (mellom normalflo og springflo)	Delvis gjenfylt, flat forsenkning	15 x 20 m	6
C	Strandkjempe-samfunn	Forstrand	Leirblandet grus	1 x 80 m	7
D	Strandrug-samfunn	Tangvoll (driftsone), og sone ovenfor geolitoralen	Sand, grus	3-100 x 300 m	26
E	Saltsivenger:				
E1	Saltsiv-raudsvingeleng	Nedre-øvre geolitoral	Stabilt jordsmonn	Størstedelen av arealet	29
E2	Saltsiv-strandkjempeeng	Nedre geolitoral	Stabilt jordsmonn		8
E3	Raudsvingeleng	Nedre geolitoral	Stabilt jordsmonn		14
E4	Raudsvingel-strandkjempeeng	Nedre geolitoral	Stabilt jordsmonn		6
E5	Kulturpåvirkede saltsiv-raudsvingelenger	Geolitoral	Ustabilt jordsmonn	Spredd over området	34
E6	Grusstarr-saltsiveng	Øvre geolitoral	Stabilt tørt jordsmonn	Ca. 40 x 100 m	12 -13
E7	Rustsivakseng	Øvre geolitoral	Delvis grus/sandblanding, fuktig jordsmonn	Små bestand	11
F	Havstarr-sump	Nedre-midtre geolitoral	Stabil sumpaktig	Flere mindre bestand	7
G	Urteeng	Epilitoralen (over øvre springflogrense)	Tørt-litt fuktig	10-20 x 300 m	47
H	Fukteng	Epilitoralen	Meget fuktig	Ca. 10 x 50 m	24
					Sum 73 arter

Vedlegg nr. 4

Strandvegetasjon registrert av Jarle Noralf Kristiansen i 1981

A. Skjørbuksurt – samfunn

Samfunnstypen finn vi på ein lav grusbanke som oversvømmes ved flo sjø. Artsfattig samfunn dominert av skjørbuksurt.

B. Samfunn med strandstjerne

Dette plantesamfunnet finn vi i ein delvis attgrodd strandkanal og ei flat forsenking som står i samband med denne. Rundt området er det tippa fleire store jordlass som delvis har påverka artsamansetinga i samfunnet. Samfunnet er ikkje undersøkt i detalj, men fjøresauelauk, saltsiv, skjørbuksurt og strandkryp inngår spreid ved sidan av strandstjerne som dominerande art.

C. Strandkjempe-samfunn

Strandkjempe dominerer i ei smal kantsone (1-3 m) ytst mot fjøra. Bestandet grensar innover mot strandrug-beltet. I tillegg til strandkjempe som dominerande art finn vi fjøresauelauk, saltsiv, skjørbuksurt, strandkrup og strandstjerne.

D. Strandrug-samfunn

Øvre del av tangvollsona (driftssona) dominerast av den sandbindande arten strandrug. Strandrugbelte grensar innover mot ein høgareliggande, langstrakt rygg med urteartar. Samfunnet er artsrikt, med i alt 26 karplantar, av desse fleire nitrogenkrevande artar. Ein svak sone med typisk strandvollvegetasjon nedanfor strandrug-beltet går gradvis meir eller mindre over i dette.

E. Saltsiv-enger

Dette er den vanlegaste og dominerande samfunnstypen i området. Det dekkjer store areal i den midtre og øvre del av landstranda. Samfunnet tilhøyrer eit av dei vanlegaste og mest stabile havstrandsamfunn i Norden, men er sterkt utsett for menneskeleg påverknad. På Batnfjordsøra finn vi forskjellige utformingar av hovedytten.

E1. Saltsiv-raudsvingel-eng

Lokaliteten høyrer til dei gras- og urterike samfunn i midtre og øvre del av havstranda. På noko tørr mark med lågvokst saltsiv og raudsvingel, finn vi ein rik urteflora med knopparve, jåblom, tiriltunge og fjørekoll som typiske artar. På øra finn vi òg eit par større utformingar med den lyseraude fjørekollen. Samfunnet dominerast av saltsiv og raudsvingel. Elles finn vi i vekslande mengder m.a. fjøresauelauk, krypkvein, blåtopp, engrapp, hanekam, gåsemure, strandkjeks, strandkryp, augentrøst, småengkall, strandkjempe, strandstjerne og følblom.

E2. Saltsiv-strandkjempe-eng

Ein spesiell utforming av saltsiv-engene med strandkjempe-dominans finn vi i den vestlige, øvre del av området på små framstikkande landtunger. Denne typen er prega av at plantene veks i markerte tuer på leirbotn med fastsitjande tang.

E3. Raudsvingel-eng

Lokaliteten har enkelte stadar ein annan utforming med høgvekst og oftast steril raudsvingel som dominerande art. Denne typen finn vi langs kanten av raudsvingel-eng, brakkvassarmar, og på avsnørte landtunger ("øyar").

E4. Raudsvingel-strandkjempe-eng

Raudsvingel-enger med strandkjempe-dominans har liknande økologiske krav som saltsiv-strandkjempe-engene og er kontaktsamfunn med saltsiv-strandkjempe-eng.

E5. Kulturbetinga engsamfunn

Saltsiv-raudsvingelengene er enkelte steder noe øydelagt av jordlass som er tømt utover området. Men størstedelen av denne vegetasjonstypen er framleis intakt. På slike steder er vegetasjonen ein blanding av arter frå ulike plantesamfunn på grunn av jordflyttinga. Dette har resultert i eit kunstig høgt artsantall.

E6. Grusstarr-saltsiv-eng

Grusstarr-eng i snever betydning finn vi i Norge bare i de tre nordligaste fylka. Lenger sør, som i Trøndelag og Møre og Romsdal, erstattast dei gradvis av saltsiv-raudsvingel-enger der grusstarr inngår som ein naturleg komponent i vekslande mengder. På ørene i Batnfjorden er det den sentrale delen av landtunga aust for Storelva/Batnfjordselva som har dei største førekomstane av denne arten. Her danner den grusstarr-saltsiv-enger i mosaikk med lokale bestand av fjøresivaks og rustsivaks - bestand med pøylstarr. Dominerande arter i grusstarr-saltsivaks-eng er grusstarr og saltsiv. Fjøresivaks, rustsivaks og pøylestarr indikerer eit miljø påverka av ferskvasstilførsel. Vegetasjonstypen finn vi på noe tørre, flate strandparti i øvre og midtre landstrand.

E7. Rustsivaks-eng

Denne samfunnstypen opptrer bare i mindre, avgrensa bestand spreidd over deler av området. Rustsivaks dominerer med innslag av fjøresaulauk, saltsiv, raudsvingel, fjøresivaks, pøylstarr, saltstarr, strandkryp, fjørekoll og strandkjempe.

F. Havstarr-sump

Samfunnstypen opptrer i små bestand på sumpige stader i den austlige og vestlige delen. Havstarr dominerer med innslag av fjøresaulauk, raudsvingel, saltsiv, skjørbuksurt, strandkryp og strandkjempe.

G. Urteeng

Denne samfunnstypen består av ein blanding artar frå strandeng, kulturmark og engsamfunn overfor sjølve havstranda. Samfunnet har stor artsriksdom og høg biologisk produksjon. Det dekkjer relativt store areal av ørene. Topografisk er vegetasjonstypen knytt til svake forhøyninger i landskapet, særleg markert er ryggen ovanfor strandrugbelte ved Hola. Urteengane dominerast av hundekjeks, engsoleie, tiriltunge, fuglevikke, krypkvein, raudsvingel og engrapp. Ein rekke andre artar inngår i vekslande mengd.

H. Fukteng

Denne samfunnstypen er floristisk i slekt med urteengene. Mens urteenga er ein noko tørrare type, er fuktenga eit utrerikt samfunn med fuktighetskrevande arter som mjødurt, blåknapp og blåtopp. Fuktenga er ein kulturbetinga vegetasjonstype. På Batnfjordsøra domineres den av mjødurt. Artsriksdomen er høg, og det vart registrert 24 karplanter innan eit begrensa område.

Vedlegg nr. 5

Registrerte karplanter på Batnfjordsøra gruppert i tilhørende plantesamfunn. Etter Jarle Noralf Kristiansen 1982. x = Arten finnes.

Samfunn	A	B	C	D	E1	E2	E3	E4	E5	E6	E7	F	G	H
Arter:														
Beitestarr										x			x	x
Blåtopp					x		x						x	x
Einer														x
Englodnegras									X					
Engrapp				x	x				x				x	
Engreverumpe													x	
Engsoleie				x	x				x				x	x
Engsyre				x	x				x				x	x
Finnskjegg														x
Fjøresaltgras			x											
Fjøresauelauk		x		x	x	x	x	x	x	x		x	x	
Fjøresivaks					x		x			x			x	
Frytle													x	x
Geitsvingel														x
Grasstjerneblom													x	
Grusstarr					x					x				
Gråor													x	
Gulaks													x	
Hanekam					x				x				x	x
Havstarr												x		
Hundegras									x				x	
Høymole													x	
Knopparve					x									
Krypkvein						X	X		x					
Meldestokk				x					x					
Pøylestarr										x				
Raudsvingel			x	x	x	x	x	x	x	x		x	x	x
Rustsivaks					x					x	x			
Saltsiv		x			x	x	x	x	x	x		x		
Smyle													x	x
Stornesle									x					
Strandarve				x	x								x	
Strandrug				x									x	
Strandsmelle				x	x							x		
Svinemelde			x	x										
Sølvbunke									X					
Vanlig arve				x	x				x				x	
Vanlig bjørk									x					
Vassarve				x									x	

Forvaltingsplan for Batnfjordsøra naturreservat

Samfunn	A	B	C	D	E1	E2	E3	E4	E5	E6	E7	F	G	H
Balderbrå									x				x	
Blokkebær														x
Blåknapp														x
Bringebær									x				x	
Fjørekkoll					x	x	x		x				x	
Fuglevikke				x	x		x		x				x	x
Følblom					x				x				x	
Gåsemure				x	x	x	x		x	x			x	
Hagelupin													x	
Hundekjeks				x					x				x	x
Jåblom					x								x	
Klengemaure				x										
Krekling														x
Kvassdå				x					x				x	
Kvitkløver				x									x	
Løvetann				x					x				x	
Mjødurt				x					x				x	x
Nyseryllik													x	
Ryllik									x				x	x
Rødkløver													x	x
Skjørbuksurt	x	x	x	x	x		x	x	x			x	x	
Skogstjerne														x
Sløke									x				x	
Småengkall				x	x				x	x			x	
Stemorsblomst													x	
Strandkjeks				x	x		x		x					x
Strandkjempe			x		x	x	x	x	x	x		x	x	
Strandkryp		x	x	x	x	x	x	x	x	x		x		
Strandstjerne		x	x	x	x	x			x					
Tepperot														x
Tiriltunge					x		x		x				x	x
Vendelrot													x	
Øyentrøst					x									
Åkerdylle				x									x	

Vedlegg nr. 6

Fugleartar registrert i eller nær Batnfjordsøra naturreservat.

ARTAR	OBSERVERT	RAUDLISTA	MERKNAD
Fiskemåke	2010	LC	
Gluttsnipe	2010	LC	
Grågås	2010	LC	
Gråhegre	2009	LC	
Gråmåke	2009	LC	
Hettemåke	2009	NT	
Kanadagås	2009	UR	Innført art
Knekkand	2010	EN	
Krikand	2010	LC	
Krykkje	2010	VU	
Kvinand	2009	LC	
Laksand	2009	LC	
Lomvi	2010	CR	
Rødstilk	2009	LC	
Sangsvane	2010	NT	
Siland	2010	LC	
Sildemåke	2010	LC	
Stokkand	2009	LC	
Storskarv	2009	LC	
Storspove	2010	NT	
Svartbak	2010	LC	
Tjeld	2009	LC	
Vipe	2009	NT	
Ærfugl	2009	LC	

Artsopplysningar henta frå artdatabanken, lista er ikkje uttømande. Bestandsutviklinga byggjer på Wetlands Internasjonal (2002)

Forklaring til raudlistestatus: CR = Kritisk trua, EN = Sterkt trua, VU = Sårbar, NT = Nær trua, LC = Livskraftig

Vedlegg nr. 7

Samleskjema for ulike tiltak i Batnfjordsøra NR planperioden 2011 - 2016

Tiltak	Prioritet	Utførande aktør	Kostnad i kr. **	Finansiering	Fristar	Merknad/vurdering
Botaniske registreringar i reservatet.	Høg	Fylkesmannen		DN	2011	Sjå 4.2. Bør setjast bort til fagbotanikar.
Skifte ut infotavlene med nye tavler	Høg	Fylkesmannen		DN	2011	Sjå 4.3. Ta dette opp med SNO i bestillingsdialogen
Oppfølging av arbeidet med å fjerne framande artar	Høg	SNO		SNO	2011	
Ornitologiske registreringar i reservatet.	Middels	Fylkesmannen		DN	Snarast	Sjå 4.2. Bør setjast bort til ornitolog.
Fysisk sperre kjørevegen aust i reservatet for å hindre motorkjøretøy.	Middels	SNO		SNO	Snarast	Sjå 4.3. Ta dette opp med SNO i bestillingsdialogen.
Rydding av strandsjøppel etter behov.	Middels	SNO		SNO	Etter behov	Sjå nr. 4.1. Bør innarbeidast som årleg tilskott til lag/organisasjonar/skule etc.
Fjerne eller planere ut kunstig voll av jord/grusmasser parallelt med elveosen	Middels	SNO		SNO	Planlegge	Sjå nr. 4.1. Dette er eit større tiltak som bør utgreiast meir.

** Dette er vanskeleg å berekne og er avhengig av årlege løyvingar.

Forvaltningsplan for Batnfjordsøra naturreservat



NATURRESERVAT

BATNFJORDSØRA

Batnfjordsøra naturreservat vart endeleg oppretta i medhald av naturvernlova² i 2002. Formålet med vernet er å ta vare på eit av dei få attverande større grusøyrrer i fylket der det framleis er relativt store areal med intakt strandeng med store botaniske, geologiske og ornitologiske verneinteresser.



Raudstilk

GEOLOGI

Elvedeltaet er endestasjonen for massetransporten frå Batnfjordselva. Når vatnet i utløpet miss farta, vil materialet som vatnet transporterer gradvis botnfelle. Størstedelen av dette materialet (vanlegvis sand og grus) blir ført ut og avsett i skrålag utanfor deltakanten like under fjøremålet. Saman med landhevinga fører dette til at deltaflata byggjer seg sakte opp over havnivået. Deltaflata består såleis av ei oversjøisk og ei undersjøisk flate som delvis vert tørrlagt ved fjøre sjø. I dette deltaet er det fleire spor etter gamle elvelaup.

Dei fleste større elvedelta både i Møre og Romsdal og elles i landet er bygde ned. Vernet av Batnfjordsøra har såleis sikra eit unikt naturdokument for framtida. Dei naturlege prosessane, som mellom anna elveutlaup som endrar seg, kan halde fram.

VEGETASJON

Dei viktigaste botaniske verneverdiane i reservatet er knytt til strandengene. Her veks ulike grasartar og andre plantar som i varierende grad blir påverka av sjøvatn og ferskvatn. I ei strandeng vert såleis variasjonen mellom plantesamfunna stor. Nokre artar toler mykje sjøvatn, medan andre veks der påverknaden frå sjøen er liten. Slike område får særigne økosystem og eit rikt biologisk mangfald.

Området har eit interessant mangfald av vegetasjonstypar. Av størst botanisk interesse er fylket sin største førekomst av den nordlege vegetasjonstypen raudsvingel-grusstorr-eng.



Strandstjerne



Teiknforklaring
Grense for naturreservat
Du står her
0 100 200 Meter
Kartgrunnlag: FKB



Sofsilv

I området er det registrert om lag 70 planteartar. Mellom anna store førekomstar av grusstorr og havstorr. Dei er relativt sjeldne i fylket. Også mykje fjørekoll, strandkryp, saltsiv, strandjeppe og raudsvingel. Andre artar er skjorbuksurt og strandstjerne.

Plantelivet på Batnfjordsøra har gjennom lang tid vore påverka av beite. Dette er skjølsetiltak som det framleis er behov for, men må eventuelt organiserast på ein slik måte at det ikkje oppstår store trakkaskader på vegetasjonen.



Tjeld

DYRELIV

Området er viktig for vassfugl både som hekke-, raste og overvintrings-område. Aktuelle hekkeartar er tjeld, vipe, raudstilk og fiskemåse. For fuglane er det viktig å ha ro og fred i spesielt hekketida.

Dei grunne områda er eit godt matfat for både fisk og fugl. Fuglar som finn mat her er mellom anna gråhegre, stokkender, krikkender, ærfugl, sjøorre, silender, krikkender og songsvanar.

HUNDAR

Av omsyn til fuglar på reir og fugleungar, må hundar vere i band i perioden 1. april – 20 august.



FORVALTNINGSPLAN

Det er laga ein forvaltningsplan for reservatet som gir nærmare informasjon om verneverdiane, framtidige skjølsetelsbehov og aktuelle truslar.

² naturvernlova blei erstatta av ny naturmangfaldlov i 2009.

UTDRAG FRÅ VERNEFORSKRIFTA

Vernet er ikkje til hinder for tradisjonelt friluftsliv eller ferdsel i utmark. Men vi vil be om at du:

- viser omsyn til plante- og dyrelivet. All vegetasjon er freda mot ein kvar skade.
- respekterer at motorisert ferdsel på land er forbode.

I reservatet er det elles forbod mot mellom annan terrenginngrep, utbygging, utfylling, riding og sykling.

Verneforskrifta og annan utfyllande informasjon om reservatet er lagt ut på

www.naturbase.no Sjå også www.miljostatus.no

Forvaltning, informasjon og oppsyn

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset. Tlf. 71 25 80 00

Statens naturoppsyn. Tlf. 73 58 05 00

www.fylkesmannen.no - www.naturoppsyn.no

Vedlegg nr. 9

Saksbehandling av forvaltingsplan for Batnfjordsøra naturreservat.

Melding om oppstart av arbeidet med forvaltingsplan for Batnfjordsøra naturreservat i Gjemnes kommune vart send som brev frå Møre og Romsdal fylke den 19.11.2009 til alle grunneigarane, kommunen og andre brukargrupper. Det vart oppmoda til å kome med synspunkt/innspel til planarbeidet innan 15.01.2010. I same brevet vart det invitert til oppstartsmøte/orientering om arbeidet med forvaltingsplanen den 10.12.2009. Oppstartsmøte fant stad på kommunetyresalen i Gjemnes kommune den 10. desember 2009. Det møtte åtte grunneigarar, interessentar/brukarar av naturreservatet. I tillegg møtte Gjemnes kommune med landbrukssjef Astrid Buset. Frå Møre og Romsdal fylke møtte Ragna Sortland og Åsmund Skålvik.

Synspunkt som kom fram under møte vart notert og referert i eige notat som vart send dei frammøtte i etterkant av møte. Synspunkta som kom fram her er søkt tatt med i planen så langt dei ikkje strir mot verneforskrifta eller anna regelverk.

Det kom i tillegg inn følgjande innspel innan 15.01.2010.:

Gjemnes kommune: *Kommunen peikar på at det er ønskjeleg å nytte området til ekskursjonar for skulen i framtida. Kommunen ønskjer òg å ha å høve til å leggje sjøkabel gjennom reservatet som del av energiøkonomiseringstiltak. Kommunen har òg kome med innspel på tilrettelegging med flytebrygge for ulike friluftaktivitetar, mellom anna kajakk.*

Nordmøre og Romsdal Friluftsråd: *Friluftsrådet kjem med fleire innspel: Skilt for ønskja parkering med skilt for rett bruk av område – her er fleire. Alternativ. Sette opp kjetting for å hindre innkøyring i området syd. Rydde for søppel – først og fremst plast. Rydde eks. sitkagran ute i reservatet og fjerne nyspirer etter kvart. Ta initiativ til å rydde sitkagran i tilgrensende område. Gi løyve til ei mindre flytebrygge i lagunen (evt. i def. perioder). FR ønskjer å sette opp eit enkelt grindbygg inntil området – nær den valde parkeringsplassen. Tilrettelegge for beiting, spesielt i nordre del. Organisere jakt på canadagås som skadegås*

Statens vegvesen: *Vegvesenet peikar på forhold som er så store og av ein slik karakter at vi ikkje kan ta dei med i forvaltingsplanen. Dette gjeld ma. reguleringsplan for omlegging av E-39. Dette vil bli behandla som eigne saker.*

Norges Naturvernforbund avd. Møre og Romsdal: *Naturvernforbundet tar opp fleire tema, mellom anna problema med svartlisteartar, hekking av sjøfugl på tak i nærliggande bygningar, økonomi til skjøtsel, fagkompetanse til skjøtsel og kartlegging av endringar flora – fauna.*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal sende utkastet til forvaltingsplan for Batnfjordsøra naturreservat på høyring den 14.01.2011.med frist til å kome med merknadar sett til den 28.02.2011.

Innkomne merknadar:

Øyvind Silset; *Han har merknad til organisering av lås på veg inn i reservatet. Brenning av daudgras på Ørå. Rydding av søppel bør skje årleg av lag/organisasjonar. Han gjer òg merksam på eit nedgrave unytta rør som kryssar reservatet. Silset er ikkje einig i at lauvtree som kjem opp på den kunstige jordvolden langs elva bør fjernast.*

Batnfjord Ungdomslag; *Ungdomslaget ønskjer å ta på seg årlege ryddeaksjonar i flomålet mot ei passeleg godtgjersle.*

Fylkesmannen sine vurderingar av innspel og merknader.

Mange av merknadene er samanfallande, og vil bli kommentert generelt. Framande artar er ei stor utfordring i verna område. Det er eit mål for Fylkesmannen å få utarbeidd ei informasjonsbrosjyre til ålmenta og hagesentra om framande artar i Norge.

Naturvernforbundet peikar òg på dette med kompetanseoppbygging. SNO har ei eiga skjøtselsgruppe som utvekslar erfaringar om ulike skjøtselsmetodar frå heile landet. På sikt vil ein i denne etaten opparbeide kompetanse på dei ulike skjøtselsområda.

Fleire av merknadene går på økonomi til skjøtselstiltak og kontinuiteten i dette arbeidet. Det er dessverre umogleg for fylkesmannen å framskrive skjøtselstiltak fleire år fram i tid då vi er avhengig av årlege løyvingar over statsbudsjettet. Det er Statens naturoppsyn (SNO) som gjennomfører mange av skjøtselstiltaka i dei verna områda i fylket. SNO kan òg leige inn lokale aktørar til gjennomføring av praktiske tiltak.

Samarbeidet om rydding av strandsona for søppel ser ut til å fungere godt. At staten bør ta sin del av denne kostnaden i det verna området kan vi langt på veg vere samd i. Men ein møter på same problemet her med årlege løyvingar.

Friluftsrådet hadde fleire merknader. Nokre av dei er belyst overfor. Oppsett av grindbygg på utsida av reservatet er ein sak mellom FR, grunneigar og kommunen som planstyresmakt når det er på utsida av reservatet. Det same gjeld skilting for parkering. Flytebrygge kan vi ikkje imøtekomme på generelt grunnlag. Når det gjeld det å hindre kanadagåsa å etablere seg i området har fylkesmannen heimel til å gi fellingsløyve etter søknad.

Til sist vil fylkesmannen takke for alle innspel og merknader i prosessen. Mange av merknadene er fagleg relevante og skulle gjerne vore med i planen om dette var økonomisk mogleg. Det er heller ikkje realistisk å fange opp alle eventualitetar i ein forvaltingsplan, noko må ein ta i den daglege forvaltninga. I ein tidshorisont på 10 år vil ein heller ikkje få utretta alt ein ønskjer av tiltak. Planen er meint som eit fundament å byggje vidare på etter som ein ser tilstanden endrar seg, eller behov melder seg. Men formålet med vernet ligg heile tida i botnen.

Plangodkjenning.

Denne godkjende planen er i hovudsak som i høyringsutkastet. Følgjande punkt er endra:

- I kapittel 3.6 er det opna for at Gjemnes kommune kan leggje sjøkabel som ledd i sin klima-energiplan etter søknad og i samråd med forvaltingsstyresmakta for reservatet.